

## **SAKSPROTOKOLL**

### **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.04.2017:**

Representanten Arve Belt sette fram slikt framlegg til vedtak:

«Alle barn skal ha 4 veker fri i barnehageåret. Tre av fire barnehager har stengt 3 veker i juli. Ein barnehage (Stjernereiso) er stengt dei siste 2 vekene i juli. Born frå andre barnehager har muligheten for å søkja i Stjernereiso denne veka. Foreldra skal innan 30. april gje melding om kva tid barnet skal ha sommarferie.»

Det vart presisert i møte at barn som skal byrja på skulen same år ikkje skal gå i barnehagen i byrjinga av august, men det skal leggjast til rette for eit SFO tilbod fram til skulestart. Rådmannen orienterte om at det vil verta lagt til rette for dette.

Ved avrøysting fekk framlegg frå tenesteutvalet 2 røyster (Krf), framlegg sett fram av representanten Arve Belt fekk 19 røyster ( H, Ap, Frp, Sp, V og H.)

### **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.04.2017:**

Alle barn skal ha 4 veker fri i barnehageåret. Tre av fire barnehager har stengt 3 veker i juli. Ein barnehage (Stjernereiso) er stengt dei siste 2 vekene i juli. Born frå andre barnehager har muligheten for å søkja i Stjernereiso denne veka. Foreldra skal innan 30. april gje melding om kva tid barnet skal ha sommarferie.